



Direktoratet for Naturforvaltning
PB 5672 Sluppen
7485 TRONDHEIM

Vår ref.: 2013/59

Dykkar ref.: 2013/1392 ART-BI-DHT

Dato: 11.4.2013

Genmodifisert, sprøytemiddeltolerant soya

Søknad EFSA/GMO/NL/2012/111: Soya SYHToHT frå Monsanto til import, prosessering, mat og fôr under EU-forordning 1829/2003 (første innspelsrunde)

Bioteknologinemnda har motteke høyringsbrevet frå Direktoratet for naturforvaltning datert 28.1.2013, og stiller no spørsmål som vi meiner produsenten bør gjere grundigare greie for, før søknaden skal sluttbehandlast i Noreg. Soyaen SYHToHT er genmodifisert til å tole sprøytemiddel med glufosinat og HPPD-hemmande plantevernmiddel. Derfor er høyringssvaret frå Bioteknologinemnda for soyaen FG72 datert 15.1.2012 òg relevant. Etter at produsenten har kommentert spørsmål og innvendingar frå EU/EØS-landa, ønskjer Bioteknologinemnda å få søknaden på ny høyring.

Innspel frå Bioteknologinemnda

Bioteknologinemnda ber om at Monsanto må svare på desse spørsmåla:

Endringar i sprøyteregime

- Korleis vil rotasjon mellom denne soyaplanten og andre sortar som er utvikla for andre sprøytemiddel, gjere at utviklinga av resistent ugras blir forsinka?
- Korleis er persistensen av sprøytemidla (kor lenge blir sprøytemiddelrestar verande) i plantematerialet?

Mattryggleik

- Vil det bli meir eller mindre sprøytemiddelrestar i mat og fôr som er basert på denne soyaen?

Levekår og lønsemd for bøndene som skal dyrke den genmodifiserte soyaen

- Blir bruken av sprøytemiddel endra med denne soyaen, og korleis påverkar det helsa til bøndene/dyrkarane?
- Bidreg denne soyaen til at bøndene får høgare eller meir stabile inntekter?
- Reduserer soyaplanten behovet for andre innsatsfaktorar på kort sikt (under fem år) og lang sikt (over 20 år)?

- Kva for dyrkingsforhold er soyaen tilpassa?

Levekår og lønsemd i produksjonsområdet

- Finst det reglar for sameksistens der soyaen skal dyrkast, og blir dei følgde slik at det er mogleg å velje å dyrke ikkje-genmodifiserte vekstar?
- Er det eit system for å hindre spreiding av gen frå den genmodifiserte soyaen til ville slektningar av soya?
- Er det eit system for å hindre spreiding av den genmodifiserte soyaen til avlingar med ikkje-genmodifisert soya eller slektningar av soya?
- Er det eit system for erstatning viss den genmodifiserte soyaen spreier seg til avlingar med ikkje-genmodifiserte vekstar?
- Skaper dyrking av denne soyaen auka sysselsetjing lokalt, regionalt og nasjonalt?
- Gir produkt av denne genmodifiserte soyaen nokre fordelar for kjøparen/forbrukaren?
- Har bøndene i området der soyaen skal dyrkast, tilgang til alternativ såvare?

Landbrukspraksis og biomangfald

- Ser ein for seg at landbrukspraksisen i dyrkingsområda vil bli endra ved bruk av denne soyaen, og i tilfelle korleis?
- Vil dyrking av den genmodifiserte soyaen føre til endringar i landbrukspraksis som kan ha sosioøkonomiske følgjer for bestemte grupper av befolkninga?
- Har bøndene valfridom slik at det er mogleg å gå tilbake til å dyrke ikkje-genmodifiserte plantar etter å ha dyrka den genmodifiserte soyaen?
- Vil dyrking av denne soyaen gi omlegging i arealbruken slik at det fører til endring av det biologiske mangfaldet?

Med helsing

Lars Ødegård
leiar

Sissel Rogne
direktør

Saksbehandlar: Audrun Utskarpen, seniorrådgivar

Kopi: Mattilsynet